

Meland kommune, postmottak

Postboks 79

5906 Frekhaug

MERKNAD TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL gnr 18 bnr 10 og gnr 19 bnr 7

Syner til mottatt brev d. 10.04.2015.

I brevet vert det synt til at etter at planen var på offentleg ettersyn er det gjort endringar i plankartet som vedkjem min eigedom i området mellom Mjåtveitelva og Mjåtveit næringspark. Brevet seier ikkje noko om at området som tidlegare låg inne som spreidd busetnad SB1 på gnr 19 bnr 7 er trekt ut av planen. Eg ønskjer difor å koma med merknad på begge desse områda.

Område 1: Næringsarealet vil slik det er teikna i framlegget leggja beslag på om lag 2/3 av skogteigen min vest for den gamle Mjåtveitvegen og heilt til fylkesvegen ved Mjåtveit næringspark. Grensa for området vil liggja mindre enn 100m frå Mjåtveitelva og om lag 350m frå huset mitt. Område langs den gamle Mjåtveitvegen og Mjåtveitelva er eit attraktivt turområde som etter mitt syn vil verta vesentleg forringa .

Sjølv om eg som grunneigar skulle få nokre kroner for innløyising av grunn, meiner eg det er viktigare å ta vare på dette området som ei grøn lunge mellom Mjåtveitelva og Mjåtveit næringspark. Utsikten frå kjøkkenvidauga heime vil også verta noko heilt anna, i og med at den høgaste toppen nær fylkesvegen (ca 80 moh) mest sannsynleg vil verta sprengt vekk. Eg ønskjer difor at industriområdet vert tatt ut av planen i denne planperioden, og eventuelt vurderar området på nytt ved neste rullering.

Område 2: Område for spreidd busetnad på gnr 19 bnr 7. For 3 ½ år sidan (01.10.2011) søkte eg om frådelling av ein tomt til dotter mi og svingersonen som ønskte å busetja seg på garden. Politkarane i Meland gav dispensasjon, medan fylkesmannen omgjorde vedtaket. Eg fekk den gongen signal om at dersom området kom inn som bustadområde med spreidd busetnad i den nye kommuneplanen, ville det gå greit å få frådela ei tomt her. Ønskje om å få avsett eit slikt område i den nye planen vart difor sendt inn.

No set eg mi lit til at formannskapet og kommunestyret i Meland tek dette området inn att i planen, slik at det vert mogleg med ei naturleg fortetting av bustader i området. Slik eg har forstått det er det også denne gongen fylkesmannen som har bede kommunen om å fjerna dette området frå planen. Det undrar meg at fylkesmannen ikkje overlet til lokalpolitikarane å avgjera kvar dei vil ha busetnad, istaden for å instruera og detaljstyra dei enkelte innspela. Med planframlegget som no ligg føre, føler eg at eg vert straffa for å prøva å halda kulturlandskapet i hevd slik at det ikkje kan byggjast nye bustader i området. Eg meiner det må vera rom for ei viss fortetting her som det alt er kort avstand mellom husa, utan at det går ut over landbruksdrifta. Ei viss fortetting her vil vera eit mykje mindre naturinngrep enn dersom det planlagde industriområdet vert realisert.

Dersom det vert stilt krav om reguleringsplan for å få byggja her, ønskjer eg at det vert vurdert, og eg inviterer gjerne politikarane med på synfaring for å sjå på begge desse områda.

Frekhaug, 02.05.2015

Med helsing



Per Atle Sæle (eigar av gnr 18 bnr 10 og gnr 19 bnr 7)